

## ROSENDAL OG OMLAND VASSVERK PL ÅRSMELDING FOR 2011

Rosendal og Omland Vassverk PL er eit vassverk. Føremålet er å levera vatn til husbruk og næring i området Løfallstrand – Rosendal - Seimsfoss. Vi er lokalisert i Rosendal i Kvinnherad kommune.

I styret har vore: Egil Skeie, Ragnhild Pile, Olger Leganger, Tor Øystein Havnerås, og Kjell Haugen (formann). Varamenn: Tore Johannes Hatteberg og Reidun Veastad Nerhus. Alfred Underhaug har vore rekneskapsfører. Revisor er Kari Landre Bjerke ved BDO as avdeling Stord.

Det har i året vore 4 styremøte, og styret har handsama 37 saker. I tillegg har det vore fleire møte i samband med bygging av nytt behandlingsanlegg i Muradalen.

Det har i året vore selt 10 luter a kr 20.000,-, totalt kr 200.000,-. I tillegg er det fleire som har søkt om vatn. Dette kjem til inntekt neste år.

Utdrag frå rekneskapet i 2011.	2011	2010
Driftsresultat	-697.576	109.758
Finansinntekter	190.164	240.893
Årets resultat	-507.412	350.651
Lutmiddel	4.403.492	4.203.492
Eigenkapital	13.440.089	13.747.501

Det har i året vore store ekstraordinære kostnader med vedlikehald på nettet, samt fornying av nettet i samband med ny parkeringsplass ved Baroniet, og omlegging av leidningsnett i sentrum av Rosendal. Vi har lagt ny leidning frå det gamle inntaket i Muradalen og inn til det nye vassbehandlingsanlegget. Drift av det nye behandlingsanlegget vil medføre nye betydelege årlege driftskostnader. Styret meiner likevel at det er økonomisk grunnlag for vidare drift av vassverket.

Styreleiar og rekneskapsfører har til saman fått kr 157.505 i lønn.

Vi har i året hatt mange tekniske utfordringar i samband med vedlikehald og fornying av nettet. Vi har hatt brot på vassleidningen ved Mehlsbrua og på Skeie. Dette har ført til at deler av nettet har vore avstengt i korte periodar under reparasjon. Beredskapen på vedlikehald fungerer bra. Etter føre-var-prinsippet sende vi ut kokevarsel 2 gonger. Vi fekk totalhavari på UV-anlegget på Fossberg i mai. Då var det ein lengre periode med kokevarsel. Ca 400 luteigarar er no tilknytt SMS-tenesta ved varsel. Det nye behandlingsanlegget i Muradalen vart sett i drift i august. Dette har fungert bra.

Samarbeidet i styret har vore godt, og vi har meistra dei utfordringane vi har fått. I styret er 1 kvinne og 4 menn. Varamedlemer er 1 kvinne og 1 mann. Det er 2 tilsette på deltid, begge menn.

ROV driv ikkje aktivitet som forureinar det ytre miljø.

Rosendal 22.03.2012

Styret i Rosendal og Omland Vassverk PL

  
Kjell Haugen

  
Egil Skeie

  
Ragnhild Pile

  
Olger Leganger

  
Tor Ø. Havnerås